



Olav Skår
Ådlandsvegen 909
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1132 - 19/20253

Saksbehandlar:
Andreas Granli
andreas.granli@radoy.kommune.no

Dato:
11.10.2019

Landbrukssak Gbnr 38/2 Refskar- søknad om landbruksveg - vedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 248/2019

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 38/2 i Meland kommune.

Saksopplysningar:

Søkjar er heimelshavar til gnr/bnr og vegen skal gå på denne eigedommen. Det er søkt om ein landbruksveg med nytteverdi for skogbruk, utmark og jordbruk. Vegen skal gje tilgang til 30 daa jordbruksareal og 40 daa skog og anna utmark. Det er søkt om 350 meter ny veg i vegklasse 4.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

Det er søkt om løyve til bygging av landbruksveg i vegklasse 4. Vegklasse 4 er ein skogsveg for transport av tømmer med vogntog og det vert satt strenge krav til utforming og konstruksjon. Skogressursane på garden gjev ikkje grunnlag for ein vogntogveg, vår vurdering er at vegen kan byggast i ein lågare klasse. Vegklasse 5 har lågare krav til kurvatur og snuplassar og er difor meir eigna.

Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet

vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner, fylkeskommunen har hatt synfaring på staden og har sendt følgjande uttale i saka:

Viser til brev dagsett 03.06.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 13.06.19 med varsel om synfaring. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 18.09.19. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Landskap og friluftsliv

Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negativ grad. Landbruksvegar er viktige for å halde eigedomane i hevd og slike vegar kan nyttast av ålmenta til turbruk.

Vedtak

Olav Skår får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt, men med endra vegklasse, på gnr/bnr 38/2 i Meland kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Vegen skal byggast i vegklasse 5 og slik kart viser.
- Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 27.09.2022.
- Tiltakshavar skal melde frå til kommunen når veganlegget er ferdigstilt.

Vedtaket er gyldig til 12.10.2022

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve, fell løyvet bort, jf. FOR-1996-12-20-1200 § 3-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Meland kommune

Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast. Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b
Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt med Andreas Granli.*

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Andreas Granli

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.